

Dato: Ålesund 18.01.2022
Vår ref: Monica Knoblauch Brathaug

Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid. Detaljregulering fortau Blindheim – Tynes.

1. Oppstartsvarsel

Eigarar, naboar, private og offentlege instansar vert med dette, i medhald av plan- og bygningslova § 12-8, varsla om oppstart av reguleringsplanarbeid på endring frå gang- og sykkelveg til fortau ved kv1046 Blindheim – Tynes.


Nordplan AS utarbeidar planen på oppdrag for Sykkylven kommune.

Planområdet ligg på Blindheim – Tynes i Sykkylven kommune, vist med raud sirkel i kartutsnittet under.



Oversiktskart

Planområdet omfattar ei strekning av kv1046 frå krysset med Tynesvegen og bort til bensinstasjonen på Blindheim. Detaljert planavgrensing går fram av kartutsnittet under.



□ *Planavgrensing*

□ Det aktuelle området ligg på Blindheim i Sykkylven. Det er en strekning som ligger parallelt med den kommunale vegen Kyrkjevegen.

Planområdet vil i hovudsak bestå av eigedomen 18/168 og mindre delar av:

- 18/10
- 18/39
- 18/46
- 18/96
- 18/103
- 18/145
- 18/167

Planområdet utanfor vegen er i dag grøfter, og nedre del av hagar, nokon med hekk.


□ 2. Formål med planarbeidet

Formålet med planen er å detaljregulere ei fortausløyising langs Kyrkjevegen. I den nye planen vil ein endre gang- og sykkelvegen i eksisterande plan til fortau, frå krysset ved Tynesvegen og bort til krysset ved Blindheimsvegen. Den gamle løysinga med gang- og sykkelveg er mykje meir plasskrevjande enn ei løysing med fortau. Med denne løysinga vil ein kunne minimere inngrepa i eigedomane langs den kommunale vegen.

Planen vil ikkje endre busetnaden i området, eller legge til rette for andre tiltak enn det som er planlagt i den gjeldande planen, utover endring frå gang- og sykkelveg til fortau.

3. Dagens plansituasjon

Området er regulert i gjeldande plan «Klokkehaug – Tynes», som vist i utsnitt nedanfor. Formålet i gjeldande plan er «gang- og sykkelveg».



4. Oppstartsmøte med kommunen

Det blei gjennomført oppstartsmøte med kommunen 07.01.22. Følgjande er førande for planarbeidet:

- Det blir ikkje lagt opp til nye avkøyrslar i planområdet. Ein bør likevel sjå om det er behov for ei oppstramming av strukturen på dei eksisterande avkøyrslene.
- God universell utforming skal innarbeidast i planen.
- Delar av planområdet ligg i aktsemdområde for områdeskred kvikkleire. Delar ligg i aktsemdområde marin leire. Ein bør ha ein dialog med NVE om det er naudsynt med ytterlegare undersøkingar innanfor områdeskredsona om ein skal etablere fortau her.
- Bredda på fortauet bør ha ein bredde som tilfredsstillar brøyteutstyret som blir brukt på slike vegar i kommunen.
- Det skal settast krav i planen om at fortau skal byggast etter ein standard etter gjeldande handbøker.
- Ein må undersøke med Sykkylven energi, Straumen nett og Telenor om det er leidningar i området ein må omsynta.
- Kommunen vurderer at ein ikkje treng å gjennomføre ei støyvurdering knytt til reguleringa, grunna at fortau ikkje vil auke støynivået.

5. Medverknad

Det vert med dette gitt høve til å kome med innspel og merknader til planarbeidet. Etter at merknadsfristen er ute vil vi gå gjennom innkomne merknader og utarbeide eit planforslag.

Grunneigarar og aktuelle partar blir tilskrivne når planforslaget blir lagt ut til høyring og offentleg ettersyn. Partane får då høve til å uttale seg til planforslaget.

Eit planforslag er truleg klart i løpet av sommar/haust 2022.

6. Merknadsfrist

Frist for merknadar og innspel er sett til 02. mars 2022.

Innspel og merknadar skal vere skriftlege og sendast enten pr. e-post til mkb@nordplan.no eller i brev til Nordplan AS, avd. Ålesund, Notenesgata 14, 6002 Ålesund.

Eventuelle spørsmål kan rettast til underteikna på mail mkb@nordplan.no eller tlf. 92 04 65 23.

Varslingsbrev, varslingsliste og annonse ligg på heimesida til Sykkylven kommune, under «høyringar»

<https://www.sykkylven.kommune.no/>

Med helsing



Monica K. Brathaug
Planleggar